



Violet Green and all between kjem til Dønhaugkjellaren fredag 15.september.

Fredag er det dukka for besøk frå nabolandet Sverige på Dønhaug når det vert konsert med VIOLET GREEN and all between. Det er Husnes jazzklubb som står som arrangør. Vi uskedelingane er så heldige at dei har mange av konsertane sine her i bygda. Ved førre konsert var det gledeleg at det var fleire uskedelingar blant publikum som fekk ta del i den fantastiske konserten med Flieflet/Hamre. Om det svenske bandet har dei sendt ut denne pressemeldinga:

VIOLET GREEN and all between, består av 6 rutinerde musikarar som har samarbeida i ulike samanhengar gjennom 25 år. Dei har sine røter i pønkk, rock og blues. Dei kjem frå Stockholm og driv eit prosjekt der dei hyllar kvinnelige pionerar i blues og rock. Dei har henta materiale frå dei siste hundre åra. Låtane er frå 25 kvinner som har hatt stor innflyting på den musikalske utviklinga innan blues, jazz, soul, rythm'n blues og rock.

Medlemmane i bandet er:

Jenny Fall – Vokal

Byrja som 15 åring å synga i bluesband. Har også spelt teater på "Östgötateatern". Vore frilanser med alt frå

eurodisco til storband. I tillegg har ho gitt ut to bluesplater med eige materiale, saman med mannen hennar – Tobbe Fall.

Ulla Wrethagen – Gitar og vokal

Grunnleggjaren av postpønkbandet Tugga Terrier, patybandet Nurse Diesel og Violet Green and all between. Har også spelt verdensblues med Urban Turban og vore teatermusikar i Unge Klara mm.

Anna Hammarsten – Keyboard, vokal

Har turnert som trekkspeelar og korsangar med Urban Turban og som keyboardist i bandet Nurse Diesel.

Elsie Petré – Saxofon

Har vore innoom rock, blues, pop og soul. Har blant anna turnert med Monaco Blues Band, Nurse Diesel og sangaren Maria Blom. Ho har også laga musikkteater om sin eigen barnebokfigur "Kommissarie Tax".

Eva Grund – Trommer

Med røter i både pønke og vestafrikansk trommetradisjon. Har spelt slagverk i Nurse Diesel dei siste 25 åra.

Lena Andersson – Bass

Har røter i postpønkbandet Tugga Terrier og har spelt med Nurse Diesel i over 25 år.

Dette blir spennande, og me ser fram til å presentera dette for ein forhåpentlegvis fullsett Dønhaugkjellar.

Tekst: Husnes Jazzklubb v/Jarle Mehammer

Pressefoto

Nett: Thor Inge Døssland